

Saksframlegg

Utv.saknr	Utvalg	Møtedato
1/2010	Vilt og innlandsfiskenemnd	23.02.2010

Fjellstyresak til uttale: Endring i jaktkortordninga for småvilt i statsallmenningen

- 1 I Fjellstyresak til uttale: 6/2010 Endring i jaktkortordninga for småvilt Lom fjellstyre
 2 S Fjellstyresak til uttale: Endring i jaktkortordninga for småvilt i statsallmenningen

Saksutgreiing

Lom fjellstyre har i møte 08.02.10 drøfta framlegg til endring av jaktkortordninga for småvilt. Bakgrunnen for endringa er fjellstyret sitt vedtak for jaktsesongen 2009/2010 med formål å redusere talet på utanbygds småviltjegerar utan hund den fyrste tida av jakta. Vedtaket var som følger:

*”Det vert frå jaktåret 2009 innført ei regulering av talet på utanbygdsbuande som får småviltjakt utan hund i perioden 15.9. – 30.9., fordelt på desse kvotane og periodane:
 1. periode: 15.-19.9. – 25 jegerar på felta A og D, og 25 jegerar på felta B og C
 2. periode: 20.-24.9. – same talet og fordelinga som for 1. per.
 3. periode: 25.-30.9. – same talet og fordelinga som for 2. per.*

Søknadsfrist vert sett til den 1.4., som for jakt med hund. Frå den 1.10. vert det fritt sal av kort slik det har vore tidlegare.

Ordninga skal evaluerast og vurderast på nytt etter første jaktåret.”

Endeleg vedtak vart ikkje gjort før i april månad, og vedtaket var derfor ikkje rettskraftig før i midten av mai. Søknadsfristen for 2009/2010 vart sett til den 1. juni. Fjellstyret fekk nokre negative attendemeldingar på dette, sjølv om det vart prøvd varsla til alle jegerane som hadde jakt i statsallmenningen sesongen føreåt.

Fjellstyret har fått reaksjonar på at feltinndeling vart innført for utanbygdsjegerane, medan dei innanbygdsbuande kan jakte over heile allmenningen. Fjelleva opnar ikkje for ei forskjellsbehandling av utanbygds og innanbygds på dette punktet, og for å unngå at innanbygds må søkje om jakt den fyrste perioden, må derfor feltinndelinga sløyfast.

I retningslinene til forskrift av 3. mars 2004 om jakt, felling, fangst og fiske i statsallmenning frå DN, går det fram at fjellstyret ikkje har høve til å fastsetje ulike reglar for småviltjakt utan hund for innan- og utanbygdsbuande, t.d. ved å «i vesentlig grad å innskrenke jaktområde i forhold til tilgjengelig areal for innenbygdsboende. Det er imidlertid antatt at fjellstyret kan ha fritt kortsalg til innenbygdsboende, men kreve at utanbygdsboende kun får jakt etter søknad (innen fastsatt søknadsfrist). Dette forutsetter at fjellstyret innestår for at 60/40 fordelinga overholdes.

Av dette går det fram at fjellstyret trygt kan ha fritt kortsalg til innanbygdsbuande, da forholdet mellom innanbygds og utanbygds jegerar utan hund siste sesongen var 26/74.

Når det gjeld korttypar, så går det fram av same forskrift at det ikkje er høve til periodekort, slik ordninga i fjor vart. Perioden må gå over ei veke, og det må også vera høve til å løyse berre dagskort. Jegerane som vert uttrekte til jakt, må få tilbod om dei ymse korttypane. Dersom det vert ein del jegerar som vel å løyse kort for berre 1-3 dagar, vil det bli "ledige" dagar for nye jegerar. Desse korta vil det verta enklast å leggje ut til sal på Inatur, da seljar der kan leggje inn sperre for kor mange kort som er tilgjengelege.

Fjellstyret har samrøystes gjort følgjande framlegg til endring i jaktkortordninga for småvilt:

For perioden 15.9. – 28.9. vert det innført ein kvote på småviltjaktkort til utanbygds jegerar utan hund. Perioden vert delt i to periodar, 15.-21.9. og 22.-28.9. , og talet på jegerar pr. periode vert sett til 75 kort. Jaktområdet vert ikkje inndelt i jaktfelt.

Det skal vera høve til å kjøpe seg enten dagskort eller vekeskort. Prisane på korta skal vera som elles i jaktåret, kr. 600 for vekeskort og kr. 150 for dagskort. Dei som løyser berre dagskort for ein eller fleire dagar, må betale full pris for sesongkortet etter den regulerte perioden, dersom dei ynskjer å løyse dette. Dei som løyser vekeskort, får tilbod om sesongkort til halv pris, altså eit tillegg på kr. 400 til prisen på vekeskortet, dersom dei ynskjer å løyse sesongkort etter den regulerte perioden.

Vilt- og innlandsfiskeremnda har fått framlegget til uttale samstundes som det vert varsla og lagt ut til offentleg gjennomsyn. Fjellstyret vil gjere endeleg vedtak i saka i møte 01.03.2010.

Vurdering:

Bakgrunnen for endringa som vart innført i 2009 var at talet på utanbygds jegerar utan hund hadde auka sterkt dei siste åra i statsallmenningane i Lom. Frå 2002 har denne jegergruppa meir enn fordobla seg, medan talet på jegerar med hund har vore stabilt. Fangstrapportane syner at det jegerar utan hund som står for den absolutt største beskatninga av rype i statsallmenningen.

I og med at vedtaket som vart gjort om feltinndeling og periodeinndeling før jakta i 2009 ikkje er i samsvar med gjeldande forskrift, er det nødvendig å endre jaktkortordninga i tråd med framlegget.

Innstilling frå administrasjonssjefen:

Lom vilt- og innlandsfiskeremnd støttar framlegget frå Lom fjellstyre om endringar i jaktkortordninga for småvilt i statsallmenningane. Med endring slik det er foreslått vil jaktkortordninga vere i samsvar med «Forskrift om jakt, felling, fangst og fiske i statsallmenning».

Ein viser elles til saksutgreiing frå fjellstyret.

Saksprotokoll i Vilt og innlandsfiskeremnd - 23.02.2010

Vedtak

Lom vilt- og innlandsfiskeremnd støttar framlegget frå Lom fjellstyre om endringar i jaktkortordninga for småvilt i statsallmenningane. Med endring slik det er foreslått vil jaktkortordninga vere i samsvar med «Forskrift om jakt, felling, fangst og fiske i statsallmenning».

Ein viser elles til saksutgreiing frå fjellstyret.

Samrøystes.